



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Alle på vedlagte adresseliste

Vår dato: **25 MAI 2012**

Vår ref.: NVE 201006080-4 ksk/jaso

Arkiv: 312/022.EB2B

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jan Sørensen

Småkraft AS – Søknad om løyve til å byggje Tjaldalsåni kraftverk i Åseral kommune, Vest-Agder fylke – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS datert 7. mai 2012, om løyve til å byggje Tjaldalsåni kraftverk i Åseral kommune.

Kraftverket er planlagt med inntak i Tjaldalsåni på kote 415 og med kraftstasjon og avlaup på kote 365. Elvestrekninga som vil verte påverka er om lag 780 m lang. For å avbøte verknadene av redusert vassføring på denne strekninga foreslår søker å sleppe ei minstevassføring på 35 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 100 l/s i perioden 1. oktober til 30. april.

Planlagt installert effekt i kraftverket er oppgjeve til 1,8 MW og produksjonen er berekna til omlag 4,5 GWh/år. Tillaupet skal gå i ei 580 m lang røyrgate som skal gravast eller sprengjast ned på det meste av strekninga, med unntak av i eit område nedanfor inntaket og der røyrkata vil krysse elva. Det vil verte behov for å etablere ny permanent veg på om lag 100 m fram til kraftstasjonen, og elles midlertidige vegar i samband med bygging av inntak og røyrgate.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Tjaldalsåni kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Småkraft AS v/Martin Vangdal på tlf. 55 12 73 46 eller e-post: martin.vangdal@smaakraft.no

NVE ber Åseral kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Sørviskontoret på Rådhuset, Gardsvegen 68, 4540 Åseral, fram til **30. august 2012**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Adresseliste for: Søknad om bygging av Tjaldalsåni kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Åsdølen og Setesdølen

Tal på søknadar	Namn/adresse
4	Åseral kommune, Gardsvegen 68, 4540 ÅSERAL
-	Fylkesmannen i Vest-Agder, Postboks 513 Lundsiden, 4605 KRISTIANSAND
-	Vest-Agder fylkeskommune, Postboks 517 Lund, 4605 KRISTIANSAND
-	Villreinnemda for Setesdalsområdet v/ Karl G. Hoven, Dallonaveien 8, 4621 KRISTIANSAND
-	Agder Energi Nett AS, Postboks 794 Stoa, 4809 ARENDAL
-	NJFF-Vest-Agder, Skippergt. 21, 4611 KRISTIANSAND
-	DNT-Sør, Postboks 633, 4665 KRISTIANSAND
-	Forum for natur og friluftsliv i Agder, Skippergata 21, 4611 KRISTIANSAND
-	Friluftsrådet for Lindesnesregionen, Minne kultursenter, 4540 ÅSERAL
-	Naturvernforbundet i Vest-Agder v/Torbjørn Fredriksen, Grøngjelveien 33, 4514 MANDAL
-	Åseral fiskeadministrasjon v/Terje Tollefsen, Reiersdal, 4540 ÅSERAL
-	Åseral Bondelag v/Jens Røyseland, Torsland, 4540 ÅSERAL
1	KM-kca
1	KD-rmk
1	ER-kest

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngevrne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.

- KUNNGJERING -

Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Tjaldalsåni kraftverk i Åseral kommune

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS om løyve til bygging av Tjaldalsåni kraftverk i elva Tjaldalsåni i Åseral kommune.

Kraftverket er planlagt med inntak i Tjaldalsåni på kote 415 og kraftstasjon og avlaup på kote 365. Elvestrekninga som vil verte påverka er om lag 780 m lang. Det er foreslått slepp av minstevassføring på 35 l/s i sommarperioden og 100 l/s i vinterperioden. Installert effekt i kraftverket er oppgjeve til 1,8 MW og produksjonen er berekna til omlag 4,5 GWh/år. Røyrkata skal gravast ned på det meste av strekninga. Det vil verte behov for å etablere ny permanent veg på om lag 100 m fram til kraftstasjonen, og elles midlertidige vegar i samband med bygging av inntak og røyrgate.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn Sørviskontoret på Rådhuset, Gardsvegen 68, 4540 Åseral og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Småkraft AS v/Martin Vangdal på tlf. 55 12 73 46 eller e-post: martin.vangdal@smaakraft.no

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **30. august 2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.